

Møte med Kvinnherad Kommune 15. juni kl.13.00
Deltakere fra Rosendal Utvikling:
Oddbjørn Kroka, Herlaug Skjelnes og Bente Lie Nilsen

Visar til møte med deler av Rosendal Utvikling sitt styre 8. juni.

Planen inneholder mange gode ulike grep som vil gjera området meir attraktivt både for fastbuande, næringsaktørar og besøkande.

Hovedoppgava for RU er å ivareta eksisterande næring og utvikla muligheter for ny næring og nye arbeidsplassar.

Rosendal og omegn har mange svært gode kvalitetar. Det er eit stort mangfald av næringsaktørar og tilrettelegging av best mulege rammevilkår er viktig for at det skal vera eit godt driftsgrunnlag for kvar og ein.

I tillegg er Rosendal ein turistmagnet, då spesielt om sommaren. Vi forstår at ei betre tilrettelegging for å motta eit større antall besøkande er viktig.

Men, det må påpeikast at året har 12 månader. Det er ikkje nok å driva ei næring kun 2-3 månader i året, det kan ingen leva av. Drifta må gå rundt heile året, 12 månader, det er det aller viktigaste. Vi må leggja tilrette for vekst og utvikling innan eksisterande næring og leggja tilrette for nye etableringar.

Vil poengtera at dei punkta vi her belyser dreiar seg om sentrumsområdet. 60 % av alle medlemmer i RU ligg i dette området.

Dei parkeringsplassar som i dag eksisterar må ikkje reduserast. Det er mange av næringsaktørane i sentrumsområdet som ikkje kan tilby sine kundar parkeringsplass i det heile. Der blir det benytta pp som andre næringsaktørar har tilrettelagt for si næring. Dette fungerer oss bekjent bra, men med ein reduksjon av pp vil dette skapa utfordringar.

Dei punkt RU ynskjer belysa som utfordrande ifølge områdeplanen er:

- Byggehøyder på evt nybygg, med innhold av leiligheter, innenfor planen må avklarast og krav til parkeringsplass pr bueinheit.
- Veisystem og snuplass som er planlagt gjennom Skålafjæro er for plasskrevande og setter begrensninger for framtidig utvikling. Det er planlagt veg som krever unødig mykje plass. Det er teikna inn fortau på begge sider . Alternativt kan det teiknast inn fortau på eine sida og i tillegg ha gangfelt for kryssing av vegen. De er ynskjeleg at traseen blir planlagt meir lik den som ligg i dagens reguleringsplan, den vil krevja mindre areal. Det blei og påpeka at turistbussane får for stor plass i planen i forhold til faktisk bruk. Denne trafikken foregår i eit lite tidsrom iløpet av året og låser for stort areal i eit område der ledig areal er begrensa og kan bli ei utfordring for framtidig utvikling av området. Her må ei løysing med plass til av/påstigning vera mest hensiktsmessig. Store byar klarar handtera dette uten store areal avsett til dette formålet. Det handlar om god planlegging av logistikken i dei tidsromma dette er naudsynt.
- Vangsvegen må holdes open for fortrafikk i begge retningar. Det er gode muligheter for auka bredde i nedre kant av gata/vegen. Med god merking og avgrensing mot sida mjuke

trafikanter skal gå vil dette fungere godt. Viser til måten dette er løyst på oppsida av Folgefonnsenteret. Her er det tydeleg merking av veg og plass for mjuke trafikanter . Vangsvegen er oversiktleg begge veier. Vi må påpeika at 90 % av året er trafikken av både bilar og mjuke trafikanter svært begrensa og fungerer fint.

Det er i dag næringsaktører i Vangsvegen som har retning for besøkande kundar fra Skålagata og ned, ei endring av denne muligheten vil skapa utfordringar.

- I planen er det vist til *Parkering leggast til tilrettelagte P-plassar*, uten at det er merka av plass til dette formålet i planen.
- Næringsaktørar ynskjer ikkje å stenge nedkjøringa fra Skålagato til parkeringshuset nord for butikkbygget, men er open for at denne kan einveiskjørast fra Skålagato og ned.